

Notat

Dato: 28.02.2018
Arkivsak: 2015/1434-592
Saksbehandlar: thoare

Til: Fellesnemnda

Frå: Anne Gine Hestetun, fylkesordførar og leiar i tilsetjingsutvalet

Tilsetjing av prosjektleiar/ny fylkesrådmann - status

På møte i tilsetjingsutvalet, 29.januar 2018, vart det gjort følgjande vedtak:

- 1. Fylkesordførarane fastset eit opplegg for samtalar med fylkesrådmennene, slik dette er skildra i saksframlegget, og gjennomfører desse samtalarane så snart som mogleg.*
- 2. Stillinga som prosjektleiar/fylkesrådmann for den nye fylkeskommunen vert lyst ut eksternt.*
- 3. Tilsetjingsutvalet ber leiaren syte for at det vert gjort avtale med rekrutteringsbyrå for bistand i den vidare prosessen med utlysing og tilsetjing av prosjektleiar/fylkesrådmann. Dersom dette ikkje forsinkar tilsetjingsprosessen av prosjektleiar/fylkesrådmann, bør eit slikt innkjøp og avtale med rekrutteringsbyrå også omfatte bistand til seinare tilsetjing av andre administrative toppleiarar i den nye fylkeskommunen.*

I samsvar med pkt 2 og 3 i vedtaket er det gjennomført forenkla konkurranse om anskaffing av ekstern bistand gjennom rekrutteringsbyrå i prosessen kring tilsetjing av prosjektleiar/ny fylkesrådmann. HR-seksjonen i Hordaland fylkeskommune har gjeve bistand til leiar for tilsetjingsutvalet i samband med denne anskaffinga.

Firmaet Visindi vart tildelt oppdraget og kontrakt inngått 16. februar i år. Visindi er no i ferd med å klargjere utlysing av stillinga både gjennom kanalar på internett og gjennom særskilt avisannonsering fredag 16. mars.

Samstundes vert det arbeidd med kartlegging og vurdering av kandidatar. I høve til den opphævelege tentative planen skissert i saka på møtet i tilsetjingsutvalet, 29.januar 2018, er no søknadsfristen for stillinga sett til 12. april 2018 for å ha tilstrekkeleg tid til kartleggingsarbeidet.

Tilsetjingsutvalet vil gjennomføre intervju av kandidatar fram mot møte i tilsetjingsutvalet 24.april, der det vil bli lagt opp til å vedta innstilling til den utlyste stillinga som prosjektleiar/ny fylkesrådmann. Innstillinga frå tilsetjingsutvalet går vidare til fellesnemnda for avgjerd 4. mai 2018.